

HEIDERSTEIKN

ÅRETS VIKING blir delt ut til ein medlem i laget som har synt særleg god innsats på idrettsarenaen eller administrativt for laget i året som har gått. Utmerkinga blei stifta på årsmøtet i 1982, og er eit vikingskip i tinn med mast og segl.

Desse har vore "Årets viking" i Fitjar Idrettslag:

1982: Onar Westerheim
1984: Agnar Aarskog
1986: Geir Tore Søreide
1987: Per Svein Bukkholm
1991: Kristen W. Helland
1994: Finn Ingvar Havnerås
1995: Arnar Bjordal
1996: Magne Skumsnes
1997: Olaf Aarskog
1998: Kjetil Rydland
1999: Ingmund Bjordal
2000: Øyvind Skålevik
2001: Annar Westerheim
2003: Leif D. Steensohn
2004: Harald Engevik
2008: Sonja Fitjar Waage
2010: Sigrid K. Rydland
2013: Anne H. Vestbøstad
2015: Rolf Atle Rolfsnes

HEIDERSTEIKN FOR LANG OG TRU TENESTE er ein honnør til medlemmer i Fitjar Idrettslag som har gjort ein stor innsats for laget i fleire år, samanhengande eller i periodar. Dette heidersteiknet blei innstifta på årsmøtet i 1986 og er eit tinnfat med innskrifta:

"Takk for god innsats gjennom mange år".

Desse har fått heidersteiknet:

1987: Odd Larsen
1991: Magne Skumsnes
1991: Per Audun Kloster
1992: Herman Bruntveit
1992: Else Thorkildsen
1994: Arne Skumsnes
1996: Sigmund Sætre
1997: Rolf Vik
1998: Øyvind Skålevik
1999: Harald Engevik
2000: Elin Skogen Rimmereid og Geir Tore Søreide
2001: Irene Rimmereid, Roald M. Nilsen, Jan Kåre Mehammer og Per-Gunnar Bukkholm
2002: Bente Volden Mjønes, Olaf Aarskog og Per Svein Bukkholm
2004: Lars K. Vik, Ketil Fykse, Lars O. Rimmereid, Tore Nesbø, Ane Synnøvd Haaland og Gunn Evy Nilsen Haaland.
2005: Trond Henriksen
2006: Ingunn Jensen Raunholm

2007: Monika Hatlevik, Odd Sverre Larsen
2008: Vibeke Strand Tranøy, Bengt Monry Olsen
2009: Stein Gunnar Halleraker, Rune Brakedal
2010: Kjetil Rydland og Geir Bjarte Hatlevik
2011: Annar Westerheim, Harald Westerheim og Finn Ingvar Havnerås.
2015: Kjell Træet og Gisle Norvald Levåg
2016: Bård Inge bø
2017: Martin Hatlevik & Gerd Myrmel Treet

ÆRESMEDLEMer ei utmerking som blei vedteken på årsmøtet i 1998, og skal henga svært høgt. Årsmøtet gjorde samstundes vedtak om å utnemna **Osvald Nesbø** til æresmedlem for den ekstraordinære innsatsen han har gjort for Fitjar IL i mange år, som formann for laget og som eldsjel i kampen for å skaffa laget ein idrettsbane.

Osvald Nesbø - første æresmedlem i Fitjar Idrettslag

Osvald Johan Nesbø har hatt tillitsverv i Fitjar idrettslag frå 1949 til 1974. Han var formann i laget heile perioden frå 1951 til 1963, og i 1974. I tillegg var han i mange år styremedlem og leiar av banenemnda. Osvald var svært oppteken av å få til eit idrettslag og eit idrettsanlegg i Fitjarbygda, i fyrste rekkje for at ungdomen i bygda skulle ha ein samlingsstad i fritida.

I si formannstid leidde han laget i ei tid med stor aktivitet. På denne tida fekk ein bl.a. godkjent drakter og klubbmerke, løyst idrettsplassspørsmålet og bygt idrettsbane. Laget hadde deltakarar i landskamp og NM i friidrett, og starta opp fitjarameisterskap i friidrett osv. Det er ikkje noko overdriving å seia at Osvald var den drivande krafta i idrettslaget. Ikkje minst viste innsatsen hans igjen i arbeidet med idrettsplassen, der han gjorde ein dugnadsinnsats heilt utanom det vanlege. Osvald er fødd i 1920 og voks opp på Nesbø, som eldst i ein søskenflokk på ni. Etter folkeskulen byrja han på anleggsarbeid saman med faren, Daniel Bertin. Han tenestegjorde i den norske brigaden i Skottland frå 1941 til 1945, og deltok i felttoget i Finnmark vinteren 1944-45. Erfaringar frå denne tida var sterkt medverkande til at han engasjerte seg i idrettsarbeidet i bygda etter krigen.

Osvald blei gift med Thea i 1945 og flytta frå Nesbø til Havn i 1949. Dei fekk åtte born saman. Han heldt fram med bygg og anleggsarbeid saman med faren etter krigen, men fekk arbeid på «fabrikken» i 1949, og arbeidde der fram til 1961. Då byrja han med bygg- og anleggsarbeid att, og dreiv eige byggmeisterfirma fram til 1977.

Osvald Nesbø har og hatt mange andre tillitsverv, bl.a. medlem av kommunalt ungdoms- og idrettsråd, styret i vassverket, bygningsrådet, brannstyret, brannsjef i tida 1950 til 1967, og kommunestyrerepresentant for arbeidarpartiet.

Desse har blitt Æresmedlem:

1998: Osvald Nesbø.
2009: Geir Tore Søreide og Øyvind Skålevik.
2014: Mariann Vestbøstad Marthinsen

Revisjonslogg:

Oppdatert: 02.03.2003 Kjetil Rydland,

Oppdatert 14.01.04 av ØS,

Oppdatert 10.09.08 Elin Siglen.

Oppdatert 16.12.09 av ØS.

Oppdatert 16.12.10 av ØS.

Oppdatert 10.03.11 av ØS.

Oppdatert 05.04.14 av Simen Løland Aarskog

Oppdatert 04.04.16 av Simen Løland Aarskog